



Felles Landbrukskontor ÅLA

Tiltaksplan landbruk
Handlingsplan for 2015 og 2016



Godkjend 18.6.2015

Innleiing

I samband med omstillingsarbeidet som Lærdal kommune deltek i, er det gjennomført forprosjekt *Næringsvenleg kommune*. Dette prosjektet bestemte at Felles Landbrukskontoret ÅLA skal utarbeida handlingsplan for godkjent *Tiltaksplan landbruk 2014-2017*.

Felles Landbrukskontor ÅLA har i samarbeid med Lærdal Næringsutvikling AS utarbeida handlingsplan. Den er tufta på fem prioriterte delmål frå godkjend tiltaksplan.

Kontoret driv landbruksforvaltning i tre kommunar og tiltak som handlingsplanen omfattar vert gjeldande for alle tre kommunane Årdal, Lærdal og Aurland, der det er aktuelt.

Tiltaksplan landbruk har fylgjande delmål prioritert:

- 1. Arealbruk** - *Ta vare på areal som er godt eigna til matproduksjon*
- 2. Husdyrhald** - *Utvikle, styrke og auke sauehaldet og storfehaldet i kommunen*
- 3. Grøntnæringa** - *Auka volum i hovudkulturar*
- 4. Tilleggsnæringar** - *Utvikle tilbod innan, jakt, fiske og oppleving*
- 5. Omdømebygging** - *Styrke rekruttering til næringa*

Framsidedfoto: Geiter på Tufto i Nærøyfjorden

Foto: Magnhild Aspevik

Prioriterte tiltak Felles Landbrukskontor ÅLA skal jobbe med i planperioden:

Ta vare på areal som er godt eigna til matproduksjon

<i>Tiltak 1</i>	Beitebruksstrategi
<i>Innhald</i>	<p>Utarbeide beitebruksstrategi for å betre tilhøva for beitedyr, spesielt sau. For sauenæringa er det spesielt viktig med godt vårbeite. Dette kan vera avgjerande for dei som ynskjer å satsa på utviding av drifta. Det blir difor viktig å kartlegge område som kan nyttast til beite.</p> <p>Hhaustbeiting av areal ved hovudvegane våre er ein ressurs som og kan verka positivt for å halda hjorten vekke frå innmark.</p> <p>Fjellbeita i våre kommunar er av beste kvalitet. Det syner at på den gode kvaliteten på sauekjøtet. Ein beitebruksstrategi må og kartlegge kva fjellområde som er beste og mest næringsrik, og kor mykje dyr dei ulike områda har plass til.</p>
<i>Kva kommune</i>	ÅLA
<i>Ansvar</i>	Prosjekt sau og utmark Landbrukssjefen
<i>Ressursbruk</i>	Inkludert i Prosjekt sau og utmark. Søkje om omstillingsmidlar til registreringsarbeid.

Utvikle, styrke og auke sauehaldet og storfehaldet i kommunen

<i>Tiltak 2</i>	Prosjekt sau og utmark i ÅLA
<i>Innhald</i>	Handlingsplan i prosjektet
<i>Kva kommune</i>	ÅLA
<i>Ansvar</i>	Prosjekt sau og utmark Landbrukssjefen
<i>Ressursbruk</i>	Prosjektarbeid – Prosjekt sau og utmark

Tiltak 3	Mjølkeproduksjon (ku og geit)
Innhald	Knyte kontakta mot nabokommunane Sogndal og Luster kommune for å jobbe aktivt med utvikling av denne næringa. I tillegg må det knytast kontaktar mot Tine og næringa lokalt.
Kva kommune	LA
Ansvar	Felles Landbrukskontor ÅLA
Ressursbruk	Fem dagsverk

Auka volum i hovudkulturar

Lærdal Grønt har eit svært aktivt miljø innanfor utvikling og nyskaping. Lærdal kommune skal vere ein aktiv støttespelar i dette arbeidet. Det vert ikkje prioritert eit spesielt tiltak i planperioden.

Viktige tema som kommunen må tenke på framover er kva effektar klima og klimaendringa kan ha for grøntnæringa, og spesielt for frukt og bær.

Utvikle tilbod innan, jakt, fiske og oppleving

Tiltak 4	Fiskeforvaltning
Innhald	Kommunane Årdal, Lærdal og Aurland har store og viktige fiskeressursar i utmark. Her er det potensiale for å utvikle ulike former for næring. Felles Landbrukskontor ÅLA skal i planperioden jobbe vidare med fiskeforvaltning knyt mot aurefiske i fjellvatn og elvar. Det skal og jobbast med innføring av fiskeforvaltning i skulane. Det er potensiale til å utvikle eit felles produkt til publikum, både lokalbefolkninga og tilreisande. Aurland Fjellstyre har etter oppmoding frå Felles Landbrukskontor ÅLA gjort eit forstudie der mulegheiter er kartlagt, sjå vedlegg. I planperioden skal det jobbast vidare for å få på plass eit forprosjekt. Forprosjektet må og jobbe med forankring og finansiering av eit hovudprosjekt.
Kva kommune	ÅLV
Ansvar	Felles Landbrukskontor ÅLA i samarbeid med Aurland fjellstyre.
Ressursbruk	Fem dagsverk til førebuing av forprosjekt. Søkje midlar til finansiering av forprosjekt.

Styrke rekruttering til næringa

Tiltak 5	Kurs i eigedomsoverdraging
Innhald	Skipe til to kurs i planperioden.
Kva kommune	ÅLA
Ansvar	Felles Landbrukskontor ÅLA
Ressursbruk	Fire dagsverk Kostnad med leige av foredragshaldarar.

Tiltak 6	Verdsarvstatusen – Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden
Innhald	Bruka verdsarvstatusen til Aurland og Lærdal meir aktivt i ulike samanhengar.
Kva kommune	AL
Ansvar	Felles Landbrukskontor ÅLA
Ressursbruk	Fire dagsverk

Tiltak 7	Media strategi
Innhald	Omtale av aktivitetar innanfor landbrukskontoret sitt arbeid minst annankvar månad i lokal media.
Kva kommune	ÅLA
Ansvar	Felles Landbrukskontor ÅLA
Ressursbruk	Fem dagsverk